



SAKSHANDSAMAR  
Hanne Merete R. Moldung

VÅR REF.  
11/01494-3

DYKKAR REF.

ARK. P - Plansaker  
267,269,272 Lindås kom. - Ho

INNVALSTELEFON

+47 98 20 27 97

DYKKAR DATO  
07.02.2018

VÅR DATO  
22.02.2018

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Att: Sigrun Wølstad

## Lindås kommune - Høring av planprogram og varsel om oppstart av kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 - Innspel frå Riksantikvaren

Vi syner til oversending av 7.2.2018. Innspelet frå Riksantikvaren til varsel om oppstart av kommuneplan og høring av planprogram for Lindås kommune, gjeld desse mellomalderkyrkjestadane:

- Lygra kyrkjestad, Askeladden id 84346
- Lindås kyrkjestad, Askeladden id 84309
- Myking gamle kyrkjestad, Askeladden id 156791
- Alversund kyrkjestad, Askeladden id 83775

Mellomalderkyrkjestadane med sikringsone er automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 4.

Fylkeskommunen er kulturminnemynde i plansaker etter plan - og bygningslova, og skal gi ein samla uttale til planforslaget på vegne av kulturminneforvaltninga. Fylkeskommunen er også delegert ansvaret for omgjevnadane til listeførte kyrkjer.

### Kommentarar

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står difor sterkt i lovverket. Eit sentralt punkt i denne saka er om tiltak i nærleiken av kyrkjestadane vil være utilbørleg skjemma, jf. kulturminnelova § 3.

Planprogrammet skildrar ingen konkrete tiltak. Vi ser at kulturminner og kulturmiljø er satt opp som tema for konsekvensutgreiinga. Dette er positivt. Vårt innspel på dette stadiet er generelt. Vi vil påpeike at dei mellomalderske kyrkjestadane er kulturminne av nasjonal verdi. Det er viktig at ein ved planlegging av tiltak i kyrkjestadane sine nærmaste omgjevnader tar tilstrekkeleg omsyn til dette, slik at kyrkjestadane sin kunnskaps- og opplevingsverdi kan takast vare på for framtida.

For å synleggjere at dei mellomalderske kyrkjestadane er automatisk freda kulturminne, skal dei visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet og omtalast i føresegnene jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H-730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Koordinatane for avgrensinga av mellomalderkyrkjestadane ligg i Askeladden, jf. id nr. som vist over.

Denne teksten bør tas med i føresegnene til kommuneplanen for mellomalderkyrkjestadane:

*«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.*

*Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»*

Det er med dette ikkje tatt uttrykkeleg stilling til arealbruken jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

Vi ber om at våre merknader vert innarbeida i fylkeskommunen si fråsegn til planprogrammet.

Beste helsing

Hanne Merete R. Moldung (e.f.)  
seniorrådgjevar

**Brevet er elektronisk godkjend**